

Øystre Slidre kommune

► Mogelegheitsstudie

Strategisk plan for utvikling av tettstadane Heggnes og Tingvang

Oppdragsnr.: 5199526 Dokumentnr.: 001 Versjon: J04 Dato: 2020-04-17



Mogeleghetsstudie

Strategisk plan for utvikling av tettstadane Heggenes og Tingvang

Oppdragsnr.: 5199526 Dokumentnr.: 001 Versjon: J04

Nor

Oppdragsgjevar: Øystre Slidre kommune
Oppdragsgjevars kontaktperson: Knut Frode Framstad, Inger Elisabeth Hilstad
Rådgjevar Norconsult AS, Campus Fosshaugane, Trolladalen 30, NO-6856 Sogndal
Oppdragsleiar: Cornelis Erstad
Fagansvarleg: Cornelis Erstad
Andre nøkkelpersonar: Arne Kringlen, Stine Radmann

J04	2020-04-17	For bruk	CorErs		
A01	2020-04-12	For intern gjennomgang	CorErs	StRad	CorErs
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Samandrag

På vegne av Øystre Slidre kommune har Norconsult AS utarbeida denne mogeleghetsstudien – Strategisk plan for utvikling av tettstadane Heggenes og Tingvang. Dette arbeidet har i praksis føregått frå januar – april 2020 og samlar kjent kunnskap og nye idéar innanfor tema tettstadsutvikling, identitetsbygging og berekraftig hyttepolitikk.

Målsetjinga for dette arbeidet kan kort summerast til å få vurdert potensialet for utvikling i Heggenes og Tingvang, denne vurderinga gjev:

- Eit kunnskapsgrunnlag som ligger til grunn for revisjon av samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen
- Framlegg til konkrete og naudsynnte tiltak, samt prioritering av desse, for best å kunne utnytte det kartlagde potensialet. Dette omfattar både større strukturelle grep og mindre tiltak.

Innleiande er Øystre Slidre kommune presentert, med særskild fokus på Heggenes og Tingvang. Det er gjeve eit oversyn over demografi, infrastruktur, bustadstruktur, næringsliv, tenesteyting, naturressursar og gjeldande planverk.

Vidare er det valt å tidleg presentere kjernen i mogeleghetsstudia; medverknadsprosessen, drøftinga og framlegg til strategiar, tiltak og prosjekt. Omtale av prosess og metode, samt eksempel- og litteraturstudiet finner ein lengst bak i rapporten.

Hovudfunna frå medverknadsprosessen er prioritering av tema/kategoriar og tiltak – vanskelege og lette, på kort og lang sikt – gav følgjande resultat. Dei prioriterte tema er:

1. Utvikling av Furustrand
2. Bruk av eksisterande bygningar og etablering av nye bygningar
3. Helsetunet – Torg – Coop
4. Identitet.

Resultatet frå medverknadsprosessen gav både eit tydeleg bilete av korleis deltakarane opplever heimstaden i dag og kva dei ønskjer å få til i lokalsamfunnet sitt. Medverknadsprosessen tydeleggjorde også at det finnast ei levande dugnadsånd i lokalsamfunnet, som kommunen bør nyttiggjere seg.

Funna frå mogeleghetsstudien er konkretisert i framlegg til overordna strategiar og prioriterte fysiske kommunale tiltak – med kostnadsoverslag.

► Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Øystre Slidre kommune	5
2	Målsetjing	10
3	Medverknadsprosess	11
3.1	Resultat frå medverknadsprosessen	12
4	Drøfting	24
4.1	Suksessrike Øystre Slidre – Heggenes og Tingvang	24
5	Framlegg til strategiar, tiltak og prosjekt	27
5.1	Strategisk plan for utvikling av Heggenes og Tingvang	27
5.2	Prioriterte fysiske kommunale tiltak	28
5.3	Ny utforming av området mellom kommunehuset, gamlebanken og ungdomsskulen	28
5.4	Utvikling av Furustrand	31
5.5	Klimapositivt hytteliv	33
5.6	Bruk av tomme eksisterande bygningar	33
5.7	Overordna vurdering av lokalitetar for framtidig ny barnehage	35
6	Kostnadsoverslag for prioriterte kommunale tiltak	37
7	Prosess og metode	40
8	Ein klimapositiv hyttekommune	41
9	Eksempelstudie frå relevante tettstadar i Noreg	47
10	Vedlegg	48

1 Innleiing

Norconsult AS fekk i desember 2019 i oppdrag av Øystre Slidre kommune å utarbeide og gjennomføre ein mogelegheitsstudie for tettstadane Heggenes og Tingvang. Kommunen hadde allereie gjort eit godt arbeid med å kartlegge dagens situasjon, samt at ein hadde identifisert utfordringar og potensiale for tettstadane. Vidare har kommunen gjennom denne mogelegheitsstudien ønska å involvere innbyggjarane, næringslivet, grunneigarar, mfl. for å vere med å vidareutvikle dette identifikasjonsarbeidet. Vi er samde med kommunen om at lokale idear og eigarskap til prosess og gjennomføring vil vere viktig for å lykkast.

Det må vere ei felles forståing av kva tettstadane er i dag og kva ein ønskjer at tettstadane skal verte. Denne forståinga må delast og stettast av innbyggjarane, sentrale næringsaktørar, grunneigarar, politikarar, kommuneadministrasjon og offentlege regionale mynde. Berre utifrå denne forståinga kan kommunen utarbeide felles strategiar, tiltak og prosjekt som skal ligge til grunn for korleis ein skal samle og utvikle desse to tettstadane.

1.1 Øystre Slidre kommune

Kommunen har i dag tilnærma 3.200 innbyggjarar. Folketalet har vore konstant til stigande over lang tid. Veksten skjer på Beitostølen, nord i kommunen, og i Rogne, sør i kommunen.

Pendlarmønster og trafikkta

Det er trafikktelepunkt på nord og sørsida av Heggenes og Tingvang, høvesvis ved Mørken (3 km sør for Beitostølen) og rett sør for Storefoss. Registreringar frå ein vilkårleg arbeidsdag (onsdag 4/12-19) syner at størstedelen av morgonpendlinga kjem frå sør og går til Heggenes/Tingvang og Beitostølen, og motsett på ettermiddag. Dette samsvarar godt med kvar dei største arbeidsplassane i kommunen er lokalisert.


Med utgangspunkt i bussrutetabellane Beitostølen – Fagernes/Fagernes – Beitostølen er det lagt dårleg til rette for å kunne nytte kollektivtrafikk til og frå arbeid i Heggenes og Tingvang.

Tal frå teljepunktet sør for Storefoss ei vilkårleg helg (2.-8. september 2019) syner at nærare 900 køyretøy kjem sørifrå for å nytte helga på fritidsbustaden.

Bustadar, næring og offentleg og privat tenesteyting

Dei offentlege og private tenesteytingane er fortrinnsvis lokalisert i tettstadane Beitostølen, Heggenes og Tingvang, men også noko i Skammestein og Rogne. Ein finn skular og/eller barnehagar i eller nærme alle desse tettstadane. Alle tettstadane, med unntak av Skammestein, har også detaljvarehandel. Ein stor del av innbyggjarane er busett sør i kommunen, frå Heggenes og Tingvang mot Rogne, medan Beitostølen har ei overvekt av fritidsbustadar. Det er også store områder med fritidsbustadar i fjellområda nordaust for aksen Rogne – Beitostølen, særskild kring dei større innsjøane som ligg her.

Dei større private arbeidsplassane i kommunen er lokalisert på Beitostølen (Beitostølen Resort og Beitostølen helsesportsenter) og Rogne (Vyrk).



Figur 1 Bustadar, skular og barnehagar i kommunen (Kjelde: Øystre Slidre kommune)

Heggenes og Tingvang

Heggenes og Tingvang ligg sentralt i kommunen med nærleik til innsjøen Heggenesfjorden og gode nærturområde. Mellom sentrum i Heggenes (Coop) og Tingvang (ungdomsklubben) er det 1,4 km. Det er opplyst at Coop-butikken går godt økonomisk. Heggenes er elles vurdert å vere lokalisert i eit særskild vakkert landskap. Tingvang er ein samlingsplass for kulturarrangement og politiske møte. Bensinstasjonen er også ein sosial møteplass her.

Kommunen opplyser at folketalet her er prega av stagnasjon og nedgang. I høve aldersfordeling meiner kommunen at i Heggenes og Tingvang er befolkninga i snitt eldre enn elles i kommunen.


Gjeldande planar

Frå Heggenes tek ein av fv. 51 for å kome til Gravfjellsområdet. Her er det om lag 400 eksisterande hytter. Vidare er det regulert 100 nye tomter og kommunedelplanen for Gravfjellsområdet legg til rette for endå 700 hytter som endå ikkje er regulerte.

Oversyn over gjeldande reguleringsplanar syner at det inntil vedtak av detaljreguleringsplanane i Løkjisskogen og Herangslie ikkje har vorte lagt til rette for større bustadområde i denne delen av kommunen dei siste 30 åra. I Heggenes sentrum har det dei siste 20 åra vorte gjennomført fleire planarbeid for å leggje til rette for sentrumsutvikling her.

Arbeidsplassar

Kommunen er sjølv ein stor arbeidsgjevar i tettstadane; kommuneadministrasjonen og ungdomsskulen er lokalisert på Tingvang og helse- og omsorgstenestene i kommunen er lokalisert i Heggenes. Helse- og omsorgssektoren her er i vekst. Øvrige større arbeidsplassar og servicetilbod er lokalisert som det kjem fram av figuren nedanfor:



Figur 2 Servicetilbod, arbeidsplassar og bustadar innanfor gongavstand (800 m radius) til Heggenes og Tingvang (Kjelde: Øystre Slidre kommune)

Rekreasjons- og friluftsområde

Furustrand, rett sør for Heggenes, er eit friområde tilrettelagd for bading, stuning, sandvolleyball, balleik, kanopadling og grilling som vert mykje nytta av fastbuande og folk på gjennomreise på varme sommar dagar.

Fotballstadion på Storefoss, sør for Tingvang, har høg aktivitet. Aust for ungdomsskulen på Tingvang er det sett av areal for tenestyting i arealdel til kommuneplanen, kommunen vurderer at dette kan vere eit tenleg areal for ein fleirbrukshall.

Kring Storefoss er det elles eit omfattande sti-nettverk som også vert trakka og nytta på vintertid. Ved Storefossen er det også ei lysløype som er drifta, men i lite bruk. Inntil denne løypa er det også hoppbakke og skileikanlegg som ikkje vert drifta og nytta i dag.

Sjølve Storefossen og Vindefossen er kraftige fossefall der nærområdet ikkje er lagt til rette for ferdsle. Kommunen meiner at dette er attraksjonar som kunne vore betre tilrettelagde.

Naturrisiko

Kommunen opplyser at naturrisiko jamt over er lite relevant i området. I samband med arealdel til kommuneplanen fekk NVE i 2015 utarbeida ein rapport om aktsemd for flaum og skred i kommunen. Her vart det kartlagd eit aktsemdsområde for flaum opp til kote 491 i strandsona vest for Heggenes sentrum. Mellom Bygdinvegen og Haugenhøgda, nordvest for Heggenes er det også identifisert eit brattare område som er gjeve skredfaresoner.

Kulturminner

Kommunen opplyser at det i området er registrert kolgroper og nokre SEFRAK-bygg.

Naturverdiar

Langs elva Vinda er det registrert fleire raudlista artar.

2 Målsetjing

Mogeleghetsstudien for Heggenes og Tingvang i Øystre Slidre kommune skal ende i eit todelt produkt. Hovudmålet har vore å få vurdert potensialet for utvikling i Heggenes og Tingvang, denne vurderinga gjev:

- Eit kunnskapsgrunnlag som ligger til grunn for revisjon av samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen
- Framlegg til konkrete og naudsynte tiltak, samt prioritering av desse, for best å kunne utnytte det kartlagde potensialet. Dette omfattar både større strukturelle grep og mindre tiltak.

Kommunen har ønskt å setje fokus på:

- Utvikling av området avsett til sentrumsområde i Heggenes i arealdelen, fyller opp tomme lokale og/eller erstatte utdaterte bygg.
- Korleis gjere staden betre utan bil.
- Kva er naturleg å legge til Heggenes og kva er naturleg å legge til Tingvang? Kan vi binde saman stadene?
- Konkrete tiltak for trivsel og betre funksjon.

Det konkrete resultatet av vårt arbeid er ein «strategisk plan for utvikling av tettstadane Heggenes og Tingvang». Planen skal kunne ligge til grunn både for kommunale planverk, næringsstrategiar, regionale føringar og retningslinjer, samt kunne brytast ned og nyttast direkte i lokale lag- og organisasjonsarbeid.

3 Medverknadsprosess

Det vart gjennomført to kveldar med medverknadsprosess, den 12. og 13. februar 2020, med innbyggjarar, næringsliv og lag og foreiningar. Kvar kveld var deltakarakar 23. I tillegg vart det gjennomført ein eigen idédugnad med ungdomsrådet. Heile gjennomføringa av medverknadsprosessen går fram av vedlegg 3.



Kva rolle skal Heggenes og Tingvang ha i kommunen og regionen?

På tvers av alle aldersgruppene var det semje om at kommunen treng eit alternativ til Beitostølen, for dei lokale. Det felles ønsket er ein møteplass for dei fastbuande, som skal vere ein stad der ein føler at ein vert sett og gjenkjent. Alle ønska også eit sentrum for offentlege tenester, men ikkje eit bysentrum eller handelssentrum som ein allereie har på Beitostølen.

- Aldersgruppa 0-30 år var elles opptatt av at Heggenes og Tingvang kan bidra til å knyte sør og nord i kommunen, meir saman.
- I aldersspennet 31-50 år ønska ein å utvikle lokalmat, gjerne i Ysteriet, saman med kontorlokale for småbedrifter. Det bør også etablerast ein ladestasjon i området. Denne gruppa meiner også at Heggenes og Tingvang skal fungere som eit bustadområde, med sine særskilde rekreasjons- og turmøgelegheiter. Vidare er det viktig med fokus på dei mange arbeidsplassane i industri, handel og omsorg.
- For dei mellom 51-60 år er det også viktig med tilrettelegging for industri, nærings- og bustadareal. Vidare meiner dei at Heggenes og Tingvang bør fungere som eit knutepunkt for Grovfjell-området (hyttebuarar). Aksa Heggenes – Tingvang – Storefoss vert peikt på som eit knutepunkt for aktivitetar. Furustrand vert særskild peika på som ein aktivitetsstad.
- Aldersgruppa 61-70 år delar mykje av tankane til dei mellom 31-50 og 51-60 år med fokus på bustadområde med rekreasjons- og turmøgelegheiter, tene lokal hyttemarknad og legge til rette for industri.
- For dei mest rutinerde, 71 år +, var det særskild fokus på å ha dei lokale daglege tenestene med daglegvarer, helsestasjon, frisør, post, osb. Vidare er det ønska å ha kulturtilbod og ytterlegare trafikkregulering.

Kva kan ein få til på Heggenes og Tingvang?

Då deltakarane vart spurt om kva ein kan få til på heimstaden fekk ein fram eit svært stort engasjement. Samla leverte dei 5 gruppene, som no var blanda på tvers av alder, nærme 100 idear og ønskjer til korleis å utvikle heimstaden sin. Etter første kveld med medverknad sorterte og summerte vi gruppene sine prioriterte idear og ønskjer under desse seks tema/kategoriar:

Tabell 1 Deltakarane sine prioriterte idear etter dag 1 av medverknadsprosessen

1. Utvikling av Furustrand			
- Betre trafikktryggleik og trafikkflyt (Krysset Coop/Robølsvegen. Gangadkomst på vestsida av fv. 51 Coop-Furustrand)	- Strandpromenade frå Furustrand og nordover til Nørre Moen – opp til sentrum (Furustrandområdet har stort potensiale)	- Furustrand: sti frå Coop, anlegge fleire parkeringsplassar, arrangement tilknytt Furustrand, skøytebane om vinteren, volleyball, hengekøyer, bocciabane	- Utvikle Furustrandområdet: blikkfang for gjennomreisande, grøntområde, møteplass (bading, vinteraktivitetar, gangsti, born-foreldre-besteforeldre, leikeplass)

- Vassaktivitetar på Furustrand/vassportsenter	- Kafé på Furustrand – Furustrand er gull!	- Bålplass/gapahuk for barnefamiljar (enkel plass å lage middag ute t.d.)	Furustrand – Coop – Helsetunet
- Strandpromenade: på austsida opp mot Helsetunet	- Skøytebane på Furustrand på Vinterstid	- Utvide kafétilbodet med sitteplassar m.m.	- Furustrand: legge til rette for telting. Enkle overnattingsplassar
- Furustrand: regulering til parkbruk/aktivitetsområde	- Leikepark i tilknytning til Furustrand og strandpromenaden	- Furustrand som aktivitetsområde også for dei eldre. Rekreasjonsområde.	
2. Bruk av eksisterande bygningar og etablering av nye bygningar			
- Realisering av Heranglia	- Bustadområde	- Leilegheitsbygging	- Gamle sjukeheimen: overnattingsstad som er enkelt og billeg (for unge folk, ungdomsherberge, turistgruppe vi manglar tilbod til). Knyte saman med sentrum
- Ysteriet: signalbygg, gjev Heggenes særpreg og historie	- Ysteriet: eit potensiale vi ikkje må kaste bort – fyll med nytt liv	- Gamle sjukeheimen: gjere om til hotell/enkel overnatting	
- Gamle bygningar som bør rivast?	- Aktivitetar i ysteriet	- Legge til rette for å fylla husa med liv	
- Aktivitet i eksisterande bygningsmasse	- Barnehage	- Gjere kommunehuset synlegare	- Vinterhage ved aldersheimen
- Pusse opp husa	- Realisering av Heranglia		
3. Trafikktrygging			
- Gangbru over Heggeosen med kopling til gangveg/turveg på vestsida	- Forbindelse mellom nytt byggefelt og Tingvang: gangsti med lys	- Fotgjengarfelt over til Coop/alderheimen	- Tilrettelagd gangveg
- Fleire gangfelt over vegen ved Coop	- Fartsgrense 40 km/t (meir kvalitet)		
4. Helsetunet – torg – Coop			
- Møteplass, leikeplass, ein kafé i inngangspartiet til Coop	- Coop-bygget: kafé/pub, klede, apotek	- Utanfor Coop må det verte areal til grøntområde/sitteområde/møteplass	- Torg/fellesfunksjonar mellom Coop og Helsetunet

- Ladestasjon + leikeplass/torg	- Hensiktsmessig og nok parkering	- Laurdagsope bibliotek = møteplass, god tid i helgene	- Torg mellom Helsetunet og Coop
- Kafé (eldre)	- Utnytte eksisterande bebyggelse	- El-billading på Coop og Furustrand	- Torg mellom Coop og helsetunet
- «Gamle kaféen» er stusselig			
5. Idrett og kultur			
- Tingvang: kunstgras med tak, behalde ... som viktig møteplass	- Oppgradere uteområdet Tingvang (ØSUS): ferdigstille og vidareutvikle området kring ungdommens kulturhus	- Idrettshall (Storefoss, Heranglie, Tingvang?)	- Vidareutvikle Storefoss som idrettsområde – gjere om hoppbakken til akepark/aktivitetspark
- Konserthus/operabygg	- Ballbinge på Heggenes	- satse vidare på Frivillighetssentralen	- minigolf på gamle idrettsplassen
- Skøytebane og idrettshall	- Trugeløyper/trugeutleige		
6. Identitet			
- Skilting til Storefoss og Furustrand (generelt betre skilting/skiltingsstrategi, oppslagstavler, «Velkomen til Heggenes» ved Moane)	- Tilbod for oss som bur her (+ hytteeigarar innover Skogsvegen)	- Skape/bygge opp under lokal identitet. Heggenes kan vere eit alternativ både til Beitostølen og Fagernes	- Vi skal ha bygdeliv – høgare traktorfaktor, men skal også «sørve» ein hyttemarknad (retning Yddin m.m./Nasjonalparken)
- Rydde Storefoss med gangveg langs med juvet	- Roleg og naturleg møteplass	- Skape ein uformell, triveleg møteplass	- Inngangen til nasjonalparken
- Synleggjere tradisjon om fangst/fiske med utstillingar i sentrum.	- Synleggjere sjølve Storefoss (lunsj-/rasteplassar, parkering)	- Ny bru over Storefoss og gang- og sykkelveg bort til Storefoss	- Info på rasteplassane: som inngang til Heggenes
- Lokal mat	- Nasjonalparken	- Hageparsellar	- Behageleg atmosfære

- Miljøstasjonen, industriområdet er også ein møteplass	- Større utval av lyspærer og husholdsartiklar	- Behalde dei tenestene vi har	- Blomar: gjere det triveleg
---	--	--------------------------------	------------------------------

Kva må ein unngå på Heggenes og Tingvang?

Tre av dei blanda aldersgruppene hadde også konkrete tankar om kva ein burde unngå på Heggenes og Tingvang:

- Ei gruppe var opptatt av at ein ikkje må viske ut skiljet mellom industri og sentrum. Vidare at det ikkje måtte verte tett busetnad kring sentrum.
- For ei andre gruppe er det ikkje ønske om å få ein turveg langs strandlina, og heller ikkje utbygging ved Furustrand eller på dyrka mark.
- For ei tredje gruppe vil ein unngå at Heggenes og Tingvang framleis vert som det er i dag. Samstundes må ein ikkje «strekke ut» sentrum eller ha for høge ambisjonar når det kjem til urbanisering. Det må ikkje leggjast opp til for mykje tilrettelegging eller organisering av lokalmiljøet, då meiner dei at ein ikkje vil greie å slappe av. Det må ikkje verte slik at lokalbefolkninga ikkje kjenner seg att. Heggenes og Tingvang skal ikkje vere ei «turistmaskin», og ein må unngå stygge, upersonlege bygningar og billige løysingar.



Figur 4 Resultatet frå fyrste kveld av medverknadsprosessen

Prioritering av tiltak


Det siste gruppearbeidet i medverknadsprosessen med prioritering av tema/kategoriar og tiltak – vanskelege og lette, på kort og lang sikt – gav følgjande resultat:

1. Utvikling av Furustrand		
Vanskeleg	1. Erverve areal (nabotomta) 2. Kontakte vegvesenet	1. Servicebygg med toalett, dusj, servering 2. Off. toalett, restaurant «Heggenes» 3. Gang- og sykkelveg Coop – Furustrand, på nedsida
	1. Leikeplass 2. Restaurere bryggene 3. Strandpromenade med tilkopling veg, helsetun og torg ved Coop 4. Skøytebane vinterstid 5. Reguleringsplan Furustrand	1. Lage ein plan for området 2. Etablert infrastruktur i «parken Furustrand». Off. toalett.
	Kort sikt	Lang sikt

Figur 5 Prioritering og rangering av tema/tiltak for Furustrand

2. Bruk av eksisterande bygningar og etablering av nye bygningar		
Vanskeleg	<ol style="list-style-type: none"> 1. Skape aktivitet i dei tomme bygningane. Ysteriet: museum, galleri og/eller klatrepark? 2. Etablere mekkeverkstad for ungdommen 3. Reklamere/skilte betre til kommunehuset 4. Gamle sjukeheimen – ny funksjon: overnattingsstad, leilegheiter, anna? 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bustadområde – realisering av Heranglie 2. Heranglia: etablere leilegheitsbygg i ulike standardar for ulike aldersgrupper. God beliggenheit. 3. Finne bruk eller rive ubrukte gamle/tomme bygningar. Særskild gamle sjukeheimen 4. Ysteriet – 1. etasje: verkstad/handverk, lokalmat, servering, selskapslokale. 2. etasje: kontorlokale for småbedrifter
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Betre skilting 2. Rydde og pynte i sentrum – parkering ved Ysteriet: opparbeide park/grøn lomme 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Heranglie 2. Barnehage – lokalisering saman med Heranglie, naturbarnehage med mykje naturtomt.
	Kort sikt	Lang sikt

Figur 6 Prioritering og rangering av tema/tiltak for bruk av eksisterande bygningar og etablering av nye bygningar

4. Helsetunet – Torg - Coop		
Vanskeleg		<ol style="list-style-type: none"> 1. Legge om krysset 2. Legesenteret – publikumsretta verksemd i fyrste etasje – samle meir aktivitet her 3. Oppretthalde tenestetilbodet som er på Heggenes – utvikle som ein servicestad 4. Utvikle området nord for Helsetunet 5. Senke farten gjennom sentrum – opphøgde gangfelt, 40 km/t 6. Eitt gangfelt til mellom Coop til Furustrand på venstresida 7. Sikre gangsti/-veg frå Coop/Helsetunet til Furustrand
Lett	<ol style="list-style-type: none"> 1. Drift i kaféen – innleie dialog med Coop for å finne ei løysing 2. Kafé/møteplass i Coop-bygget 3. Torg (akse mellom helsetunet og Coop). Noko meir grønt. Ein stad å sette seg ned og ete is og møte andre. Kunst i tilknytning til inngang til helsetunet. Areal utan parkering. 4. Grøntområde/sitteområde utanfor Coop (i samanheng med kafé) 5. Leikeplass og sitteplassar til å ta ein kopp kaffi mellom Coop og Helsetunet 6. Sitteplassar, blomar, varmelamper. Skape ein god atmosfære på torget 7. Ladestasjon + leikeplass/torg. Knyte saman Helsetunet, Coop og fysioterapeuten. 8. El-billading 9. Stramme opp parkeringsplassane – fysisk markering 10. Samkøyre ein gjennomgåande fargepalett for området 11. Bete brøyting langs Coop'en, betre sikt 12. Samarbeid – bruke menneska og ressursane vi har – samhandle meir 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ladestasjon/torgplass 2. Publikumstoalett 3. Rive gamle helsehuset 4. Riving/ny løysing for det gamle helsehuset/helsestasjonen. 5. Trygge nok parkering ved legekantoret 6. Knyte saman Furustrand, torget, sti langs Heggefjorden, åtkomstar, turveg
	Kort sikt	Lang sikt

Figur 7 Prioritering og rangering av tema/tiltak for Helsetunet - Torg - Coop

6. Identitet		
Vanskeleg		<ol style="list-style-type: none"> 1. Utvikle nasjonalpark og lokalmat 2. Møteplass – skape noko i det gamle ysteriet som er for sambygdingane. Ysteriet står sterkt. 3. Ysteriet – Kafè, kunst/kultur, info nasjonalpark, Aukrust? 4. Ungdomsherberge/Hostell i gamle sjukeheimen
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Reguleringsplan Fossejuv Storefoss 2. Skilt Nasjonalpark 3. Rydde (m.a. tre) og gjere det fint med blomar og skilt 4. Pynte opp sentrum – blomar, måle, skilt 5. God informasjonstavle ved Heggenes (Coop'en) om Furustrand, tur langs Vinda, kva er her/aktivitetar, Moahaugen 6. Heie på dei vi har 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Trafikkorganisering for krysset i sentrum 2. Oppgradere gang- og sykkelvegen. Den er i dårleg forfatning og vert difor mindre nytta.
	Kort sikt	Lang sikt

Figur 8 Prioritering og rangering av tema/tiltak for identitet

Høgst prioriterte tema og tiltak etter medverknadsprosessen.

Dei høgst prioriterte fysiske tiltaka som kjem fram av tabell 2 er henta frå arbeidsmøtet med ungdomsrådet og resultatet av dag 2 i medverknadsprosessen; altså den siste prioriteringa som vart gjort av deltakarane, både på tema og tiltak.

Tabell 2 Prioriterte tiltak etter medverknadsprosessen

Utvikling av Furustrand	
Skøytebane vinterstid	G/S-veg Coop Furustrand, på nedsida av vegen
Servicebygg med toalett, dusj, servering	Leikeplass
Restaurere bryggene	Strandpromenade med tilkopling veg, helsetun og torg ved Coop
Bruk av eksisterande bygningar og etablering av nye bygningar	
Ny bruk av Ysteriet: handverk/verkstad/utsal i 1. etasje og kontorlokale i 2. etasje	Ny barnehage i nærleiken av Heranglie
Betre skilting til kommunehuset og generelt	Rydde og pynte i sentrum, samt opparbeide park/grøn lomme saman med parkeringa ved Ysteriet.
Helsetunet – Torg – Coop	
Torg (akse mellom helsetunet og Coop). Noko meir grønt. Ein stad å sette seg ned og ete is og møte andre. Kunst i tilknytning til inngang til helsetunet. Areal utan parkering.	Ladestasjon + leikeplass/torg. Knyte saman Helsetunet, Coop og fysioterapeuten.
Stramme opp parkeringsplassane – fysisk markering	Fleire (opphøgde gangfelt) på gjennomfartsvegen i sentrum
Kafé/møteplass i Coop-bygget	
Identitet	
Skilting til nasjonalparken	God informasjonstavle ved Heggenes (Coop'en) om Furustrand, tur langs Vinda, kva er her/aktivitetar, Moahaugen
Oppgradere gang- og sykkelvegen. Den er i dårleg forfatning og vert difor mindre nytta.	

6 prioriterte tiltak frå ungdomsrådet	
1. Ferdigstille området rundt ØSUS/ungdomsskulen (ballbinge, lage aktivitetspark på grusbana, nett rundt volleyballbana, sette opp husker og klatrestativ)	2. Furustrand: få opp kafé/eteplass m/sitteplassar og benkar. Aktivitetar på vatnet (trampoline og andre apparat i vatnet), leikeplass, gapahuk
3. Heranglie: kommunale bustadar spreidd rundt i området – bra for integreringa, trafiksikkert, samlingspunkt i midten	4. Kommunal barnehage: naturbarnehage nærme Heranglie og eldretunet
5. Gangbru over elva ved Tingvang: kan kople skulen saman med gapahuken, ballparken, skianlegget og Storefoss. Kronglete å kome seg ned dit i dag, opplevd som utrygt.	6. Trafikktryggleik: fleire gangfelt (Tingvang, Coop)

Eigarskap

Kvar deltakar har sett sitt namn på to av dei prioriterte tiltaka, som dei ønskjer å vere med på å få til. Kommunen har motteke ei liste med desse deltakarane fordelt på tiltaka, som kan vere eit utgangspunkt for felles dugnad og eigarskap ved realisering. Av personvernomsyn er det valt å ikkje legge lista ved denne rapporten.



Figur 9 Prioritering og val av tiltak som kvar einskild deltakar ønskjer å vere med på å få til på Heggenes og Tingvang

4 Drøfting

«Dette gjev meg ei god kjensle. Eg føler at det eg er med på her, verkeleg betyr noko»

- Sitat frå deltakar og ungdomsrådsrepresentant

4.1 Suksessrike Øystre Slidre – Heggenes og Tingvang

Med bakgrunn i eksempelstudiet for suksessrike distriktskommunar og 10-trinnsmodellen frå Distriktsenteret har ein gjennom medverknadsprosessen fått synleggjort at også Heggenes og Tingvang har gode føresetnadar for å verte eit godt døme som del av ein suksessrik distriktskommune.

Opplevinga av heimstaden

Deltakarane i medverknadsprosessen – innbyggjarar, næringsliv og ikkje minst det velfungerande ungdomsrådet – synleggjer ei felles oppleving og forståing av korleis Heggenes og Tingvang framstår og fungerer i dag. Gjennomfartsstad, trafikk og Coop er element utan stadidentitet, som ein finner overalt i Noreg. Men deltakarane har også peika på Furustrand som eit sentralt element, noko som berre høyrer til Heggenes og Tingvang. Furustrand er ein kvalitet å kunne byggje vidare på.

Målsetjing: Furustrand peikar seg klårt ut som det naturlege og fungerande samlingspunktet og aktivitetsområdet for lokalsamfunnet, på tvers av aldersgruppene. Funksjonen og den lokale verdien av området bør verte prioritert ved å etablere ein strandpromenade og aktivitetspark med ønska tiltak som leikeapparat, volleyballbane, bocciabane, bålplass, gapahuk og kioskfunksjon.

Kva vil deltakarane få til i lokalsamfunnet sitt?

På tvers av aldersgruppene er det også mange fellesnemnarar for kva rolle Heggenes og Tingvang skal ha i kommunen og regionen. Summert kan nok desse samlast og definerast som ønskje om ein sterkare lokal identitet. For å byggje opp under dette ønskjer ein å ha ein lokal møteplass der ein også finner tenester som ein treng i kvardagen, slik vert Heggenes og Tingvang eit reelt alternativ til både Fagernes og Beitostølen. Attraktiviteten til området bør stettast opp med fokus på bustadområda med rekreasjons- og turmogelegheter. Vidare er det også ønskje om å stette opp under det næringslivet ein allereie har med fokus på dei mange arbeidsplassane i industri, handel og omsorg. Slik syner deltakarane uopfordra ei vilje til og forståing for å byggje på det lokale særpreget, det noverande næringslivet og eigne krefter.

Mellom alle dei ulike område/kategoriane som kom fram i løpet av medverknadsprosessen var det området Helsetunet – Torg – Coop på Heggenes, som skapte aller mest engasjement og her det vart produsert flest framlegg til tiltak. Dei fysiske tiltaka handlar i stor grad om å skape eit torg/møteplass i sentrum der det vert opplevd som trygt og attraktivt å møtast og sette seg ned. Tydelege avgrensingar for bilbruk, sitteplassar og eit kafétilbod er viktige element som går att.

For å styrke den lokale identiteten er det også viktig å vere merksam på kva deltakarane ønskjer å unngå på Heggenes og Tingvang. Omsynet til dyrka mark er høgt verdsett, vidare må sentrum korkje strekkast vidare

ut eller ha for høg grad av urbanitet. Nærmiljøet skal vere uformelt, ikkje for tilrettelagd og organisert, og nye tiltak må etablerast med høg kvalitet – ein må unngå dei billege og stygge løysingane.

Målsetjing: Heggenes, med daglegvarebutikk og legekontor, framstår som eit naturleg sentrum for å lokalisere dei kvardagslege/besøksintensive tenestene og den lokale møteplassen for innbyggjarane. Nærleiken til det nye helsetunet gjer til at også brukarane her framleis kan involvere seg i lokalsamfunnet. Dersom marknaden er til stades, bør det fokuserast på å også lokalisere andre kvardagslege tenester hit, til dømes bank, blomebutikk, frisør, m.m.

Sett vekk i frå lokaliseringa av det nye helsetunet på Heggenes er det Tingvang som er sentrum for dei offentlege tenestene i kommunen. Med kommunehus, ungdomsskule og ev. ny barnehage er dette tenester som har sambruksfordelar med parkering, uteareal og også administrative fellesfunksjonar. Ingen av desse tenestene vert heller rekna som besøksintensive funksjonar, som generer mykje trafikk.

Avstanden mellom Heggenes og Tingvang vert forsterka av at gang- og sykkelvegen går langs rv. 51 utan definerte målpunkt mellom desse to sentruma. Dette hevar terskelen for å gå eller sykle i mellom. Likevel vil Heggenes og Tingvang kunne fungere som ein samla tettstad og lokalsamfunn i tanke og funksjon, dersom ein også framover er bevisst og målretta i kva tenester dei skal tilby. Det bør ikkje leggjast planar for, eller nyttast ressursar på, å flytte eksisterande funksjonar mellom Heggenes og Tingvang. Nye funksjonar bør lokaliserast til enten Heggenes eller Tingvang, høvesvis om dei vert definert som kvardagsleg eller administrativ teneste.

Forankring og samskaping

Frå eksempelstudiet lærer vi at kommunen ikkje kan skape attraktiviteten åleine – den vert skapt i samspel mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar/friviljuge. Ser ein til kva forventingar deltakarane har til resultatet av medverknadsprosessen så er dei tydelegaste forventingane *felleskap/samhald, framdrift/utvikling og samarbeid/medverknad*. Kommunen må framleis ta leiinga i utviklingsprosessane, men som eit resultat av medverknadsprosessen har kommunen fått skapt ein positiv bevegelse ved engasjement og eigarskap blant innbyggjarane om å få vere med å utvikle Heggenes og Tingvang. Det viktigaste og vanskelegaste kommunen no må gjere er å ta vare på og nyttiggjere seg denne forventinga og tilliten hjå dei lokale eldsjelene. Dersom ein ikkje greier dette, vil heller ikkje tiltaka og strategiane som kjem på plass ha den same verdien.

Målsetjing: kommunen må gjerne ta det fyrste steget ved å sjå til lista med tiltak og strategiar som kvar einskild deltakar i medverknadsprosessen kan tenke seg å vere med på å realisere. Denne lista representerer likevel berre dei som hadde anledning til å vere med på medverknadsprosessen desse to dagane. Lista representerer fyrst og fremst at det finnast ei levande dugnadsånd i lokalsamfunnet. Kommunen bør nyttiggjere seg dette også ved å gå offentleg ut og til dømes invitere til enkle tiltak som å plante blomar eller måle skilt. Dette er heilt konkrete og synlege resultat som hjå bidragsytarane bidreg til ein bevisstheit og stoltheit om å ha vore med på å få til. Andre deltakarar vil ha stor glede og interesse av å verte invitert med inn i prosessar med reguleringsplanarbeid, realisering av bustadar/leilegheiter eller få nytt liv i Ysteriet. Dette er personar som kan sitje på erfaring, kompetanse og nettverk som kommunen ikkje har oversikt over. I eventuell mangel av slik ressursar kan deltakarane likevel bidra med ein giv og energi som skal til for å halde framdrift og heile vegen sjå mogelegheiter framfor utfordringar.

Utvikling og profilering

Kommunen, med innbyggjarar og næringsliv, sit no på ein verdifull og prioritert idébank av tiltak og strategiar for å styrke den lokale identiteten og bringe Heggenes og Tingvang nærare kvarandre. Nokre er lette og kan gjennomførast på kort sikt, andre er vanskelegare og vil ta lenger tid å gjennomføre, medan ein tredje

kategori vil kunne vere ein miks av dei to føregåande. Ein viktig lærdom frå eksempelstudiet er at ein må evne å tenke heilskap – ein bør gjerne drive både kortsiktige og langsiktige prosjekt samstundes. Dersom ein kan fullføre mindre prosjekt undervegs, må ein hauste av desse som små sigrar, slik kan ein motverke trøytteleik og passivitet på dei meir krevjande prosjekta. Både prosess og resultat av dei store og små prosjekta må heile tida løftast fram for å synleggjere kva ein får til på Heggenes og Tingvang. Dette aukar stoltheit og engasjement for heimstaden og skapar også interesse for dette lokalsamfunnet, sett frå utsida. Eit slikt langsiktig arbeid og positiv profilering kan plutselig også gjere til at det dukkar opp nye utviklingsmøtelegheiter som ein ikkje hadde sett føre seg, eller turte å håpe på, dette må ein ha i bakhovudet – beredskap for flaks.

Målsetjing: frå medverknadsprosessen er det ei tydeleg forventning om at dette allereie i 2020 skal ha leia til konkrete nye tiltak og/eller prosessar. Prioriteringa frå deltakarane peikar på:

- Utvikling av Furustrand
- Bruk av eksisterande bygningar og etablering av nye bygningar
- Helsetunet – Torg – Coop
- Identitet

Gjerne i samråd med interesserte bidragsytarar bør ein velje blant tiltaka som kan gjennomførast på kort sikt, og tiltak/strategiar som tek lenger tid, som ein ønskjer å få i gang dette året. Både i og kring Heggenes sentrum og på Furustrand peikar det seg ut tiltak som relativt enkelt kan kome på plass på kort tid. Desse tiltaka er viktige fordi det svarar på forventingane til prosessdeltakarane om at det skal skje noko snarleg. Blant dei større tiltaka/strategiarbeida må det også gjerast ei politisk prioritering for mellom anna trafikktrygging i Heggenes sentrum, realisering av bustadområde på Heranglie, lokalisering av ny barnehage og reguleringsplanarbeid for både Furustrand og Storefoss. Det er like viktig at ein også får starta ein eller fleire også av desse prosessane. Kombinasjonen av stadige små sigrar, som følgje av eit langsiktig utviklingsarbeid er det som kjenneteiknar den suksessrike distriktskommunen.

«Eg har alltid mest flaks når eg er godt førebudd»

- Sitat frå ukjent øystreslidring

5 Framlegg til strategiar, tiltak og prosjekt

5.1 Strategisk plan for utvikling av Heggenes og Tingvang

Overordna strategiar

- Heggenes og Tingvang skal vere eit alternativ til Beitostølen og Fagernes, men ikkje ein konkurrent. Saman med innbyggjarane bør kommunen vidareutvikle og forsterke den lokale identiteten. Heggenes og Tingvang skal saman vere ein felles møteplass for dei lokale, gjerne for heile kommunen, ved å oppretthalde og vidareutvikle dei lokale daglege tenestene og legge ressursar i ein sentral, men uformell møteplass. Heggenes og Furustrand peikar seg ut som ei ønska og god lokalisering for ein slik møteplass.
- Helsetunet og dei kvardagslege funksjonane bør vere lokalisert til Heggenes, Tingvang bør vere senter for dei resterande offentlege tenestene med administrasjon, skule og barnehage. Det bør ikkje leggjast planar for, eller nyttast ressursar på, å flytte eksisterande funksjonar mellom Heggenes og Tingvang. Nye funksjonar bør lokaliserast til enten Heggenes eller Tingvang, høvesvis om dei vert definert som besøksintensiv teneste, eller ikkje.
- Ein bør framleis prioritere Heranglie som det framtidige området for bustadutvikling. Dette har potensiale for å verte eit felt som faktisk kan bidra til å fysisk knyte saman Heggenes og Tingvang, for dei lokale. Det er relativt korte avstandar til daglege tenesteytingar, skule, barnehage og offentlege arbeidsplassar, noko som reduserer bilavhengigheit. Vidare er lokaliseringa opplevd som attraktiv og lite konfliktfylt i høve sentrumsutvikling og jordvern. Særskild blant ungdommane vert Heranglie oppfatta som eit attraktivt område, og for nokre vil mogelegheit for bustadtomt i Heranglie vere ein viktig faktor for å kome attende for å busetje seg i heimkommunen.
- Arbeidet med næringsutvikling bør ha fokus på å støtte og utvikle dei eksisterande næringane innanfor landbruk, industri, handel og omsorg. Næringslivet og kommunen må ha god dialog og jobbe tett saman. Kommunen må tryggje at planverket er oppdatert og tydeleg retningsgjevande. Samstundes skal det vere tilstrekkeleg fleksibelt for å stimulere eldsjelene i lokalsamfunnet. Handsaminga av planverket skal vere rigga med forventning og kapasitet til å også gripe dei mogelegheitene ein ikkje hadde venta skulle kome.
- Kommunen bør nyttiggjere seg den levande dugnadsånden i lokalsamfunnet med både å invitere til felles og konkrete dugnadsoppgåver, samt å vere bevisst på å nyttiggjere seg kompetansen og engasjementet hjå dei lokale ved større plan- og strategiarbeid. Resultata frå dette vil bidra til ein bevisstheit og stoltheit knytt til det ein har fått til i fellesskap.
- Både prosess og resultat av dei store og små prosjekta må heile tida løftast fram, både av politikarar, administrasjon, næringsliv og innbyggjarar, for å synleggjere kva ein får til på Heggenes og Tingvang. Dette aukar stoltheit og engasjement for heimstaden og skapar også interesse for dette lokalsamfunnet, sett frå utsida.

5.2 Prioriterte fysiske kommunale tiltak

For å følgje opp resultatata frå mogelegheitsstudien er det i samarbeid med kommunen utarbeida ei prioritert liste for fysiske kommunale tiltak, som neste steg for vidare utvikling i Heggenes og Tingvang. Dei aktuelle tiltaka er henta frå tilbudsførspurnaden til kommunen, samt dei tiltaka som deltakarane har prioritert høgast gjennom medverknadsprosessen. Tiltaka frå førspurnaden er markert med blått, og tiltaka frå medverknadsprosessen er markert med raudt.

1. Ny utforming av området mellom kommunehuset, gamlebanken og ungdomsskulen
2. Gangveg/turveg mellom Coop/Helsetunet og Furustrand
3. Ny barnehage
4. Skifte av berelag og dekke for gang- og sykkelveg mellom Heggenes og Tingvang¹
5. Redusert barriereverknad av fv. 51 gjennom Heggenes¹
6. Utkikkspunkt Storefoss
7. Fleirbrukshall med garderobeanlegg på Tingvang
8. Gangbru over Heggeosen

5.3 Ny utforming av området mellom kommunehuset, gamlebanken og ungdomsskulen

Etter ønskje frå kommunen er det med bistand frå landskapsarkitekt utarbeida ein overordna situasjonsplan for korleis ein kan organisere nye separate soner for mjuke trafikkantar og køyretrøy. Nye strukturelle grep for området er:

- Trase for mjuke trafikkantar er markert og tydeleggjort ved å nytte belegningsstein. Ein kan alternativt velje å nytte asfalt, som har under halve kostnaden per m², men dette vil ikkje gje det same ønska visuelle uttrykket.
- I nordvest vert det lagt til rette for ein gangsti mellom gang- og sykkelvegen frå Heggenes som knyter seg til trafikkarealet bak kommunehuset. Dette vil fungere som ein snarveg for mjuke trafikkantar til og frå Heggenes, som då kan sleppe å gå/sykle heilt fram til vegkrysset inn til området.
- Parkeringsarealet er stramma opp, samstundes som at parkeringsdekninga er i samsvar med behovet til kommunehuset, gamlebanken og ungdomsskulen. Parkeringsarealet bak kommunehuset bør vere reservert kommunale bilar og kommunalt tilsette. Gjesteparkering bør fortrinnsvis vere lokalisert nærast inngangen til kommunehuset.
- Ved ungdomsskulen er det definert tre soner for av- og påstigning for buss, men tilhøyrande gangveg. Med tydeleg skilting kan desse sonene nyttast som parkeringsareal for bil eller traktor med hengar, utanom klokkesletta for henting og levering til skulen.
- Ved inngangspartiet til leilegheitene i bankbygget er det lagt til rette for ei halvprivat sone for kvar leilegheit, for å stette krav til uteareal. Bruk av løddmur markerer skiljet mellom ålment trafikkareal og dei halvprivate sonene.

¹ Disse to tiltaka er i utgangspunktet oppgåver som høyrer til fylkeskommunen som vegeigar. Kommunen kan forsøke å påverke prioriteringa, men har ikkje avgjerdsrett.

Mogeleghetsstudie

Strategisk plan for utvikling av tettstadane Heggenes og Tingvang

Oppdragsnr.: 5199526 Dokumentnr.: 001 Versjon: J04

No

- I nordaust er det teikna inn stipla linjer som kan etablerast som alternative snarvegar/stiar til og frå ungdomsskulen. Desse knyt seg til eksisterande sti-nettverk og framtidig gang- og sykkelveg frå Heranglie. Slik kan ein sleppe å måtte krysse over området mellom kommunehuset, gamlebanken og ungdomsskulen.

Estimert kostnad for den nye organiseringa kjem fram av kapittel 9.



Figur 11 Situasjonsplan med framlegg til ny utforming av området mellom kommunehuset, gamlebanken og ungdomsskule

5.4 Utvikling av Furustrand

Gjennom medverknadsprosessen har deltakarane peika ut Furustrand som det naturlege og fungerande samlingspunktet og aktivitetsområdet for lokalsamfunnet, på tvers av aldersgruppene. Vidare utvikling av dette området bør også vere prioritert. Det er difor valt å engasjere Stiv kuling arkitekter AS i Sogndal, som har kompetanse og erfaring i å utvikle idear, ønskjer og behov frå ein tidleg (medverknads)fase til konkrete framlegg for nye tiltak og strukturar. Vi har gjeve arkitektane ei innføring i området, samt presentert dei med funna/ønskja frå medverknadsfasen for utvikling av Furustrand. Dette har arkitektane nytta til å skissere ein situasjonsplan, samt ein illustrasjon, for korleis ein med relativt enkle grep kan utvikle Furustrand. Skissene er naturlegvis på eit overordna nivå og bør utviklast vidare i samråd med kommunen og engasjerte innbyggjarar.




Figur 12 Illustrasjon av Furustrand som samlingspunkt og aktivitetsområde. Kjelde: Stiv Kuling Arkitekter AS

Mogeleghetsstudie

Strategisk plan for utvikling av tettstadene Heggenes og Tingvang

Oppdragsnr.: 5199526 Dokumentnr.: 001 Versjon: J04



Figur 13 Framlegg til utvikling av Furustrand. Kjelde: Stiv Kuling Arkitekter AS

5.5 Klimapositivt hytteliv

Som det går fram av kapittel 8 er det både fordelar og ulemper ved å vere ein stor hyttekommune. Når ein kommune nyttar folketal, framfor brukartal, til dømes for å dimensjonere offentleg tenesteproduksjon, er korkje kapasiteten eller finansieringa på plass for å handtere aldrande deltidsinnbyggjarar, som nyttar stadig meir tid på hytta.

Øystre Slidre sitt auka fokus på ein berekraftig hyttepolitikk kan også gje positive verknadar for ressursgrunnlaget til ein distriktskommune.

Trenden er at meir og meir tid vert nytta på hytta, den historiske hyttedraumen er erstatta av bustad nr 2. Dette gjer samstundes til at hytteeigarane vil få meir tilhøyrsløse i lokalsamfunnet, dei bør inviterast, inkluderast og oppmodast om å delta i utviklinga av lokalsamfunnet med deira kompetanse, ressursar og impulsar som deltidsinnbyggjarar. Vidare er det aktualisert gjennom korona-situasjonen, med hytteeigarar som er nekta tilgang til bustad nr. 2, at også lokalsamfunnet kan vere ein ressurs andre vegen med til dømes vaktrundar og/eller naudsynt vedlikehald i hyttefelta.

Arbeidet for ein klimapositiv hyttekommune er ikkje noko som skjer isolert eller berre resulterer i utgifter for kommunen. Både bygging og drift av hytteområda bør drivast lokalt for å redusere klimaavtrykket, dette gjev også positive økonomiske ringverknadar for fastbuande og næringslivet.

Lygna i Gran kommune ønskjer å vere eit modellområde for det grønne skiftet i hyttepolitikken. Deira strategiar/idébank for eit klimapositivt hytteliv bør oppsøkast jamleg for å gje inspirasjon til korleis ein kan utvikle hyttelivet i Øystre Slidre på alle nivå i kommuneforvaltninga – frå klimarekneskap i planlegginga, til kravspesifikasjonar for miljømål under bygginga og krav til bruk av lokale leverandørar i driftsfasen.

5.6 Bruk av tomme eksisterande bygningar

Utfordringa med tomme bygningar er ikkje unik for ein distriktskommune som Øystre Slidre. Med eit økonomisk/realistisk utgangspunkt vil det rette svaret oftast vere å rive eldre og tomme bygningar, framfor å nytte mykje ressursar på å bygge om og/eller løfte den tekniske standarden til dagens krav. Samstundes er det (heldigvis) også andre verdiar som tel når ein skal ta stilling til kva ein bør gjere med gamle og tomme bygg. Identitet og lokalhistorie i eit lokalsamfunn er ofte knytt til funksjon og nokre gonger også utforminga av eit bygg. Det er difor viktig at ein identifiserer dei aktuelle byggja og tek stilling til kostnad og vinst, meir enn berre økonomi, ved å ta vare på den einskilde bygningen.

Det er ikkje ofte at ein har eit definert behov for ny aktivitet og/eller funksjonar, som også har finansiell støtte, enten frå det offentlege eller private. Då er det i staden viktig at før ein plasserer nye funksjonar i bygg, må ein først identifisere kven som har ein idé, visjon og engasjement for å skape noko nytt. Først må ein leite etter eldsjela – deretter kan ein leite etter det høvelege bygget.

Enten det er kommunen eller private som er eigar av ein eller fleire tomme bygningar, bør ein setje seg som mål å investere i eldsjela. Det nye og noko spinnville konseptet til eldsjela kan trenge tid og rom til å finne eit foffeste, for å sjå om det er liv laga. Til dømes bør byggeigaren ha tolmod og toleranse til å la eldsjela få prøve konseptet gratis i ein periode, samt å få lov til å innreie/bygge om lokalet slik at det vert tilpassa konseptet. Denne «pop-up»-strategien er allereie etablert i fleire tettstadar i Noreg. Den største risikoen er uansett at konseptet ikkje syner seg levedyktig likevel, og byggeigar på ny står att med eit tomt bygg som ein ikkje veit kva ein skal nytte til. Enten konseptet har synt seg levedyktig eller ikkje, har det uansett bidrege til engasjement i det lokale folkepratet, ofte eit oppslag i lokalavisa – og andre små gründerar ser at her er det kultur for å få lov å prøve ut sitt konsept.

På Heggenes merka vi oss at bygningane market med blått i figur 14 står eller, i løpet av kort tid, vil stå tomme.



Figur 14 Noverande eller potensielt snarleg tomme bygningar på Heggenes


Bygningen i sørøst er det gamle Ysteriet. Gjennom medverknadsprosessen er det synleggjort ei interesse for å kunne nytte denne bygningen til mellom anna aktivitetsverkstad, kunstlokale, kafé og lokale, i kombinasjon med kontorlokale eller ev. bustad/leiligheiter. Vidare bruk av Ysteriet vil kunne byggje på identitet og lokalkjensle, som eit potensielt lokale for foreiningar/halvoffentlege tenester.

Dei to bygningane i langs riksveg 51, Bygdinvegen, har ei sentral lokalisering i høve hyttetraffikken. Her kan ein tenke seg eit potensial for helgeoppe bakeri, kafé, pub, restaurant eller tilsvarande. Dette kan vere ein særeigen plass på Heggenes, for både innbyggjarane og deltidsinnbyggjarane som vil «oppleve» Heggenes. Bygga ligg i invitasjonssova frå vegen og kan passe godt for å marknadsføre lokale kremmarar, lokalmat/produkt, m.m.. Ein annan mogeleighet kan vere å pusse opp bygningane til føremålet frå leige til eige. Eit konsept utvikla med støtte frå Husbanken for husstandar som i dag ikkje oppfyller krava til beteningsevne og eigenkapital for lån, men er i målgruppa for leige av kommunal bustad. Det vil vere kommunen som vurderer om husstanden vil ha potensial for å kunne kjøpe bustaden i løpet av 3 til 5 år.

Lengst nordvest ligg den gamle sjukeheimen, samt ei eldre bustadrekke på vestsida. Tomtene og området er sentrumsnært, men ligg samstundes relativt usjenert og med flott utsyn ut over Heggenesfjorden.

Lokaliseringa er slik særskild effektiv for bustadføremål, enten ved gjenbruk av bygningsmassen eller riving og nybygg. Gjennom medverknadsprosessen er også ungdomshotell nemnt som ein mogeleg framtidig bruk av bygningsmassen. Ein annan idé frå vår side er at ein gjennom relativt enkle grep kan gjere om bygningane til bustadar for sesongarbeidarar på Beitostølen. Dette er ein mogeleghet som gjerne kan vere aktuell for ein lokal entreprenør å utvikle.

5.7 Overordna vurdering av lokalitetar for framtidig ny barnehage



Figur 15 Aktuelle framtidige barnehagelokasjonar, rangert av Norconsult. Kjelde: Øystre Slidre kommune

Som del av mogeleghetsstudie for Heggenes og Tingvang har Norconsult gjennomført ei overordna vurdering av 5 tomtealternativ, som kommunen meiner er aktuelle for lokalisering av ein ny barnehage. Desse er Heggebø, Ysteritomta, Furustrand nord, Robølsvegen/Heranglie og Bjødnavegen. Barnehagen skal minimum vere dimensjonert for 60 plassar og ha rom for utviding.

Dei 5 aktuelle lokasjonane kort omtalt og deretter vurdert kvalitativt etter eit sett utvalde kriteria. Lokasjonane er vurdert opp mot kvarandre, ikkje ev. andre lokasjonar. Avsluttande er det gjort ei rangert tilråding på val av tomt.

Med bakgrunn i dei kvalitative vurderingane er dei ulike alternativa rangert slik:

1. Bjødnavegen
2. Robølsvegen/Heranglie
3. Ysteritomta
4. Heggebø
5. Furustrand nord

Moglegheitsstudie

Strategisk plan for utvikling av tettstadane Heggenes og Tingvang

Oppdragsnr.: 5199526 Dokumentnr.: 001 Versjon: J04

No

Tabell 3 Samanstilling i tabell av korleis tomtealternativa er rangert innanfor dei ulike kriteria

Alternativ	Tomtestorleik	Lokalisering	Pedagogisk potensiale	Planstatus	Eigedomstilhøve	Klima	ROS-tema
Heggebø	Grøn	Oransje	Oransje	Limegrøn	Limegrøn	Grøn	Limegrøn
Ysteritomta	Grøn	Limegrøn	Gul	Gul	Limegrøn	Gul	Gul
Furustrand nord	Grøn	Gul	Oransje	Rødt	Rødt	Limegrøn	Limegrøn
Robølsvegen/ Herangleie	Grøn	Grøn	Limegrøn	Rødt	Rødt	Oransje	Grøn
Bjødnavegen	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Limegrøn	Grøn

Heile rapporten går fram av vedlegg 2.

6 Kostnadsoverslag for prioriterte kommunale tiltak

Med utgangspunkt i tabell 2 i kapittel 3, er det i følgjande tabell 3 gjort ei kostnadsvurdering av dei prioriterte fysiske tiltaka som er identifisert i samarbeid med kommuneadministrasjonen. Ikkje alle delar av tiltaka er vurderte, då enkelte av desse ikkje har tilstrekkeleg definerte føresetnader, eller at dei må vurderast basert på nærare definert plassering og utforming.

Kostnader som er vurderte for dei ulike tiltaka er dels henta frå erfaringsprisar, dels frå pristabellar (Norsk Prisbok) og dels ut frå skjønsmessig vurdering. Det presiserast at alle kostnader er gjort på eit overordna nivå og dei enkelte tiltaka må bearbeidast vidare for å redusera usikkerheita i kostnadsbildet. Usikkerheita i alle kostnadsoverslag er 30 %, med unntak av 1. prioritet det usikkerheita er 25 %. Alle kostnadsoverslag er gjeve eks. mva.

I kostnadsvurderingane er det generelt ikkje lagt til grunn kjøp eller erverv av grunn. Alle kostnader er oppgitt eks. avgifter, men inkludert planlegging og prosjektering.

Tabell 4 Kostnadsvurdering av dei prioriterte kommunale tiltaka

Pri.	Tiltak	Utfyllande kommentarar/omtale som grunnlag for kostnadsoverslag	
1.	Grovskisse med utforming av området mellom kommunehuset, banken og ungdomsskulen	Kostnadsoverslaget er gjort på bakgrunn av kapittel 5.3. og framlegg til ny utforming av området mellom kommunehuset, gamlebanken og ungdomsskule.	
Tiltak	Mengde	Einingspris	Total
Graving/sprenging	650 m ³	250	162 500
Asfalt/dekke	5300 m ²	300,00	1 590 000
Belegningstein/heller	500 m ²	800,00	400 000
Kant, parkering	700 m	600,00	420 000
Grussti	150 lm	300,00	45 000
Natursteinstøttemur	280 m ²	3000,00	840 000
Flettverksgjerde	16 lm	1500,00	24 000
Gressplen	500 m ²	210,00	105 000
Buskfelt	350 m ²	440,00	154 000
Oppmerking parkering	550 lm	150,00	82 500
Flytting av skilt	1 RS	5000,00	5 000
SUM (-/+ 25 %)			<u>kr 2 871 000 – 4 785 000</u> <u>+ MVA</u>

2.	Gangveg/turveg mellom Coop/Helsetunet og Furustrand	Kommunen sender framlegg til trase på kart. NO gjev kostnadsoverslag for grusveg m 3 m breidde
<p>I kostnadsvurderinga er det lagt til grunn at det ikkje er naudsynt med sprengingsarbeid. Det er i dei generelle vurderingane lagt til grunn masseutskifting med nye berelagmassar og grusdekke, samt transport til deponi og kjøp, transport og utlegging av nye massar.</p> <p>Det er ikkje medrekna kostnader for ev. grunnnerv. v.</p> <p>Kostnad pr. m for eksist. veg (150m): 1.000,- kr/m</p> <p>Kostnad pr. m for ny veg (460m) opparbeidd på eksist. landbruksareal: 1.650,- kr/m</p> <p>Samla kostnad for 610m veg: <u>kr 909.000,-</u></p>		
3.	Barnehage	NO gjer ei vurdering av kostnadsoverslag for naudsynt infrastruktur (tilkomst, parkering, VA) og m2-pris for barnehagebygg.
<p>Dette objektet er vanskeleg å gje ei særskild prisvurdering av. Ut frå dagens «normalpris» for kategorien barnehagebygg, vil kostnad for slike inkl. grunnarbeid vera om lag som følgjer:</p> <p>Barnehagebygg i 1 etg. <u>30.000,- kr/m2 ekskl. mva.</u></p> <p>Barnehagebygg i 2 etg. <u>28.500,- kr/m2 ekskl. mva.</u></p> <p><i>Referanse: Norsk Prisbok, ver. 2019/02.</i></p> <p>Opparbeiding av vegar og plassar – tilkomst og parkering – kan generelt reknast til <u>2.500,- kr/m2</u></p> <p>Framføring av anna infrastruktur (VA, el. forsyning, gatelys, signal, og liknande) er vanskeleg å vurdere på eit generelt grunnlag.</p>		
4.	Gang- og sykkelveg Heggenes Tingvang	Skifte/reperasjon av både berelag og dekke for g/s-veg med 2,5 m breidde. NO gjev kostnadsoverslag per meter.
Kostnadsoverslag pr. m: Masseutskifting, nytt berelag og asfalt: <u>2.020,- kr/m</u>		
5.	Redusert barriereverknad av fv. 51 gjennom Heggenes	<p>Teknisk vurdering og kostnad ved:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tiltak for kryssing av vegen i plan (opphøga gangfelt, shared space eller liknande) - Bru frå p-område ved ysteritomta til Coop-tomta.
<p>Opphøga gangfelt er i prinsippet relativt enkelt og er kostnadsgunstig å etablere, og ein kan generelt kostnadsvurdere slike til om lag <u>kr 50.000,-</u> (entreprisekostnad).</p> <p>Type «shared space» er eit relativt nytt konsept og det er vanskeleg å gje eit kostnadsbilete av ei slik løysing på generelt grunnlag. Skal ein seia noko om kostnader for ei slik løysing, må dette drøftast, definerast og det må settast premisser for kva som skal leggast til grunn for vurderingane.</p> <p>Bruløysing over fv. 51 med om lag 10 m spenn, og tilkomst tilrettelagt for universell utforming, vil ha eit kostnadsnivå på om lag <u>kr 2,0 MNOK</u> (entreprisekostnad).</p>		



Figur 16 Fv. 51 forbi Heggenes. Kjelde: Google maps

6.	Utkikkspunkt Storefoss	NO nyttar erfaringstal frå tilsvarande prosjekt på Sandane for plattform/utkikkspunkt.
Norconsult har prosjektert utsiktsplattforma «Utsikten» i Trivselsskogen på Sandane, og kostnadsoverslaget frå det prosjektet er nytta her. <u>kr 2,9 MNOK for utsiktsplattform.</u>		
7.	Fleirbrukshall med garderobeanlegg	Kostnadsoverslag per m2
Fleirbrukshall: <u>22.500,- kr/m2 ekskl. mva.</u> Referanse: Norsk Prisbok, ver. 2019/02		
8.	Gangbru over Heggeosen	Kostnadsoverslag for bru med 1,2 m breidde. Skal ikkje brøytast. Bru av trevirke.
Vi legg til grunn eit spenn på 30m, type hengebru, med fundamentering begge sider. Stipulert kostnad 70.000,- kr/m = <u>kr 2,1MNOK.</u> <i>Prisoverslag er henta frå, ikkje tilsvarande, men samanliknbart prosjekt i regi av Norconsult. Ein må ta atterhald om kostnader til særskilt fundamentering som følgje av ev. krevjande grunntilhøve.</i>		

7 Prosess og metode

Førearbeid

Innleiande har kommunen levert eit overordna og relevant kunnskapsgrunnlag for kommunen, utover det som allereie låg i tilbudsførespurnaden.

Som del av oppstarten gjennomførte vi eit «best practice»-/eksempelstudie frå andre tettstadar i Noreg der ein tidlegare har gjennomført eit strategisk utviklingsarbeid, som har ligge til grunn og hatt eigarskap både hjå det offentlege og private. Vi har identifisert kva som har vore dei viktige faktorane for at den aktuelle kommunen har lukkast med sitt utviklingsarbeid, i tråd med sin visjon. Dette studiet har gjeve god innsikt i korleis ein kan lukkast med det same i Øystre Slidre generelt, og Heggenes og Tingvang spesielt.

Det vart også gjort eit litteraturstudie på kva strategiar og trendar som kan byggje opp under ein målsetnad om ein klimapositiv hyttekommune.

Førearbeidet vart presentert for kommuneadministrasjonen, saman med vår skisse for å nytte denne kunnskapen inn i dei viktige medverknadsprosessane. Hovudmålet for møtet var å einast om innhaldet i grovskissa, for korleis å gjennomføre medverknadsprosessen.

Medverknadsprosess

Medverknadsprosessen vart gjennomført over to påfølgjande kveldar, den 12. og 13. februar. Kommunen har stått for invitasjonar, høvelege lokale, enkel servering og andre naudsynte rekvisita.

Før medverknadsprosessen kjente vi til kva kommunen meiner er utfordringane og potensialet, men vi visste ikkje kva innbyggjarane, næringa og grunneigarane har meint om dei same tema. Gjennom medverknadsprosessen er mogeleghetsstudia gjeve brei forankring og eigarskap ved at interessegruppene har fått kome med sine vurderingar og ønskjer.

Involvering av ungdomsrådet

Med tilsvarande fokus som i den opne medverknadsprosessen har vi særskild ønska å involvere ungdommen og utfordre kva dei meiner karakteriserer ein god plass å bu, kome til og kva som eventuelt bør vere på plass for at dei skal bu og trivast her også i vaksen alder. Gjennom eit eige møte med det velfungerande og engasjerte ungdomsrådet fekk vi fram sentrale kvalitetar ved heimstaden og eventuelle ønskjer om endring og forbetring.

Rapportarbeid

Utifrå førearbeidet og dei kreative møta har vi utarbeide eit framlegg til ein felles strategisk plan for utvikling av dei to tettstadane. Det har vore gjennomført arbeidsmøte med kommunen, undervegs i denne prosessen. Vi har også nytta eigen kompetanse og erfaring i Norconsult for å gjennomføre ei eiga overordna vurdering av kvar ein bør lokalisere ein ny barnehage på Heggenes og Tingvang. Det er nytta arkitekt- og landskapsarkitektfagleg kompetanse til å visualisere nokre dei konkrete tiltaka og prosjekta som har kome fram i prosessen. Saman med kommuneadministrasjonen er det gjort eit prioritering av kva kommunale tiltak som der vi også har gjeve eit grovt kostnadsoverslag.

8 Ein klimapositiv hyttekommune

Som del av det kommunale utviklingsarbeidet er det eit sentralt tema korleis ein både kan påverke til eit lågare klimaavtrykk ved hyttebygging og hyttebruk i kommunen, men samstundes også skape meirverdi for det lokale næringslivet og innbyggjarane ved å aktivisere dei store menneskelege og økonomiske ressursane som følgjer av å vere vertskommune for store områder med fritidsbustadar. Rolla som vertskommune set også store krav til offentleg tenesteproduksjon, ein kapasitet som dei fleste etablerte hyttekommunar ikkje har i dag – eit poeng som er sterkt understreka av dei nasjonale restriksjonane som har følgt av korona-krisa.

For å gje innspel til kommunen i dette utviklingsarbeidet har vi i dette kapitlet sett på kva ressursar fritidsbustadar både krev og gjev ein vertskommune, utfordrande og kanskje negative følgjer av store hytter og hytteområde, samt klimaavtrykket og reisevanar knytt til reisa til og frå fritidsbustaden. Til sist har vi sett på eit konkret døme frå Lygna i Gran kommune, og kva strategiar dei har valt for å skape verdas første klimapositive fritidsbustadområde.

Deltidsinnbyggjarane

I eit [lesarinnlegg frå Utmarkskommunenenes Sammenslutning](#) (USS) i Nationen den 25.12.2019 vart det drøfta korleis Noreg hadde sett ut utan denne store forflyttinga av folk frå by til land i helgar, feriar, høgtider og i stadig større grad i midtveka med mogelegheit til å jobbe frå hytta? Samfunnsforskarar nyttar no omgrep som «deltidsinnbyggjarar» om hyttefolket, moderne familiar lever «fleirhusheimar», på denne måten bidreg hyttefolket til spreidd busetnad og levande lokalsamfunn i heile landet. Innlandet er landets største hyttefylke med nesten 90 000 hytter – og til samanlikning 180 000 fastbuande.

USS spør seg:

- Korleis hadde næringsutvikling og verdiskaping utvikla seg i distrikta utan hyttefolket? Desse er ofte aktive, resurssterke forbrukarar og deltakarar i lokalsamfunna med eit ekte hjarte for utvikling av lokalmiljøet. For lokal handel og service er hytteeigarane avgjerande viktige som inntekts- og eksistensgrunnlag.
- Korleis hadde CO2-rekneskapan sett ut dersom halvparten av hytteeigarane i staden hadde kjøpt seg feriebustad i Sør-Europa og reist med fly eit titals gonger i løpet av året.
- Korleis hadde folkehelsa utvikla seg utan hyttefolket sine turar i fjell, kyst og utmark?
- Korleis hadde framandgjeringa mellom by og land sett ut dersom hytter ikkje var del av norsk kultur? Trass i at avstanden (tilgjenge og reisetid) mellom by og land har minka, har den kulturelle avstanden auka. Gjennom sitt nærvær gjev hyttefolket positive impulsar lokalt og viktige bidrag til levande bygder.

Vidare skriv USS også at kvar hytte og aukande bruk av utmarka utfordrar naturmangfaldet, både lokalt og nasjonalt må ein finne balansepunktet mellom desse kvar for seg store samfunnsverdiane.

USS meiner at i utforminga av politikk er dei viktige positive ringverknadane av hytteutbygging underkommunisert. I arealplanprosessar sorterer hytteutbygging ofte under «andre samfunnsinteresser» og som ein motsats til «viktige nasjonale føringar mot nedbygging av natur». USS meiner vi treng aktive distrikt for å ta vare på viktige naturverdiar som kulturlandskapa – beskyttelse gjennom bruk. Med omsyn til sosioøkonomiske tilhøve er det i mange distriktskommunar både to og tre gongar så mange hytter som bustadar – og snitt brukartal pr. hytte er betydeleg større enn pr. bustad – så teljast ikkje hyttefolket med. Ein

nyttar framleis folketal framfor brukartal. Dette gjev implikasjonar for offentleg tenesteproduksjon, både beredskapstenester, men også andre lovpålagde tenester som heimesjukepleie og barnevern vert ikkje lokalisert og finansiert ut frå dei reelle behova og kven som har desse. Småkommunar med lågt folketal og ein aldrende befolkning har slik relativt låg skatteinngang og aukande utfordringar med å finansiere eit system som tek hand om deltidsinnbyggjarane. Eigedomsskatt er stadig under press. Vertskommunar og hyttefolk må i større grad finne saman, og den humankapitalen som hyttefolket utgjer bør i større grad verte drege inn i vertskommunane sitt utviklingsarbeid og kommuneplanar, avsluttar USS.

Oppgjer med den norske hyttedraumen

Sjølv om deltidsinnbyggjarane fører med seg mykje positivt og store ressursar til ein kommune, følgjer det også negative verknadar av denne utstrekta bruken av sekundærbustad i distrikta. Gjennom [doktorgradsavhandlinga til Rasmus Steffansen](#), NMBU, vert det argumentert for at den norske hyttedraumen ikkje lenger eksisterer – den norske hytta er ikkje lenger primitiv, den aukar i pris, storleik, klimaavtrykk og driftskostnader. Steffansen skriv at auka materiell standard, auka komfort og fleire servicetilbod gjer at dei norske hyttefelta mistar sine særpreg. Denne utviklinga starta med dei første organiserte hyttefelt-reguleringane på 1960-talet. Tanken bak dette var at kommunen gjennom reguleringa kunne beskytte naturen og miljøet mot skadelege verknadar.

Den norske hyttemarknaden er ikkje berekraftig, meiner Steffansen. Etter hans syn bør det innførast ein nasjonal hytteplan for å avgrense utviklinga. Bakgrunnen for dette er at hytteutbygginga har for høge miljø- og klimakostnader på grunn av overforbruk av material, biltransport, straumforbruk og nedbygging av natur. Dei sterke kreftene for fritidsbustad gjer til at dei miljømessige konsekvensane vanskeleg kan handterast av kommuneplanleggjarane. Han meiner at det bør gjennomførast ein nasjonalt styrt prosess for omregulering av nye hyttetomter med grenser for kva materiell standard dei kan ha. Det bør også verte sett på fleire formar for eigarskap.

Forskning på klimaavtrykk knytt til reise til og frå fritidsbustaden

Det er endå ikkje gjort store forskingsarbeid på temaet turisme/fritidsbustadar og transport og klimautslepp i Noreg. I notatet [Klimavennlige transportløsninger for hytte- og reiselivsområder i Oppland](#) har Østlandsforskning, som del av sitt notat, sett på og samla noko av forskinga som er gjort på dette området:

- Reisevaneundersøkinga til Transportøkonomisk Institutt (TØI) syner at 36 % av alle lange reiser i Noreg har ferie og fritid som føremål, og at over 80 % av desse reisene skjer med bil.
- TØI har berekna at besøk på private fritidsbustadar i Noreg skaper minst 12 millionar bilturar per år.
- Vestlandsforskning anslo i 2007 at ferie og fritidsaktivitetar samla står for om lag 23 % av det samla energiforbruket i Noreg. Hytteturar er berekna å ha 4. størst energiforbruk av fritidsaktivitetane, bak tradisjonelt friluftsliv, besøke slekt/venar og feriereiser. Hytteturar nyttar berre ein fjerdedel av energiforbruket, samanlikna med feriereiser.
- Vestlandsforskning fann vidare at bruk av fritidsbustad, både i Noreg og utlandet, er berekna å ha eit energiforbruk på tilnærma 6 % av nordmenns energiforbruk innanfor ferie og fritidsaktivitetar. Transport til innanlands fritidsbustadar er berekna å vere tilnærma 1,25 %.
- Kvifor nyttar dei fleste privat bil til fritidsbustaden? Flexibiliteten ved bil gjer til at ein kan reise frå dør til dør, når ein vil og med mykje bagasje. Kostnaden per person vert opplevd som lågare

samanlikna med kollektivtransport, og at bilen gjev mogelegheiter for å handle undervegs på turen (Dybedal og Farstad 2012).

- Hytteeigarar på Geilo kan tenke seg å nytte tog, men eit dårleg rutetilbod og mangelfullt internt kollektivtilbod gjer til at ein heller nyttar bilen (Engeset 2012).
- Miljøbevisstheit er noko som høyrer til kvardagslivet (Holden 2001). Skal ein auke kollektivdelen må ein både løyse praktiske problem, men også mentale og kulturelle aspekt.
- I rapporten Lillehammer-nettet har Nielsen og Lange (2007) drøfta følgjande punkt for at ei kollektivsatsing i Lillehammerregionen skal lykkast:
 - Høg frekvens – stor fridom til val av reisetid
 - Kort gangavstand/ kort gangtid
 - Kort ventetid
 - Kortast mogeleg reisetid - bilen er ein effektiv konkurrent
 - Færrast mogeleg overgangar
 - Enkelt å bruke/ enkelt å forstå
 - o Lett å finne
 - o Lett å få informasjon
 - o Lett å bestille dersom ein lagar bestillingssystem
 - o Lett å betale
 - Pålitelegheit
 - o God punktlegheit
 - o Det må vere sikkert at ein kjem fram - alltid og dit du skal
 - God komfort både ved terminal og under reisa
 - God bagasjeservice - ei spesiell utfordring i ein ski- og turistdestinasjon der folk ofte har mykje med på reisa

Klimapositivt hytteliv på Lygna

Ein [rapport frå Norsk Turistutvikling AS](#) omtaler korleis Gran kommune i samarbeid med grunneigarar og næringsdrivande skaper verdas første klimapositive fritidsbustadområde på Lygna. Målsetnaden er også å utvikle eit modellområde kor ein delar kunnskap og erfaring med andre utbyggjarar nasjonalt og internasjonalt for å oppnå eit grønt skifte i korleis hytteområde vert utvikla på ein berekraftig måte. Rapporten presenterer følgjande strategiar for kva som må vektleggjast for eit klimapositivt hytteliv på Lygna:

1. Planleggingsfasen	
1.1. Kundefokus	Prosessen og marknadsføringa må tiltrekkje seg «riktige kundar». Klimapositive hytter som ikkje vert brukt er sløsing med ressursar og er ikkje berekraftig for korkje miljø, lokalsamfunn eller utbyggjarar.
1.2. Ressurskartlegging	Ei kartlegging av ressursar og mogelegheiter gjev eit godt startgrunnlag: <ul style="list-style-type: none"> • Kva mogelegheiter gjev lokaliseringa eller kva lokalisering er best i høve energiløysingar, vatn og avlaup m.m.?

	<ul style="list-style-type: none"> Kva har lokalsamfunnet av ressursar som kan nyttast, kva leverandørar, kompetanse, m.m. Dersom ein må hente inn kompetanse utanfrå, må denne overførast til lokale leverandørar.
1.3. Klimarekneskap	Gjennom heile planleggings- og utbyggingsprosessen bør eit tverrfagleg team ha hovudansvar for å berekne miljøpåverknad, klimagassutslepp, m.m. Dette gjev eit godt grunnlag for eit klimapositivt hytteliv i drifts og brukarfasen.
1.4. Områdeplan	Val av lokalisering for regulerings-/bebyggelsesplan skal byggje på ressurskartlegginga samt dei beste grunntilhøva for: <ul style="list-style-type: none"> Vatn og avlaup Vegar og gangvegar energiproduksjon
1.5. Hyttene	Planlegging og val av byggemetode for hyttene skal gjerast med fokus på kva kundane ønskjer, samstundes med at resultatet skal vere eit klimapositivt hytteliv i planlegging, utbygging og drift. Det må vektleggjast: <ul style="list-style-type: none"> Terreng Arealbruk Materialval Transport Teknologi Tverrfaglegheit
1.6. Sal	Det bør setjast krav til kjøparane med omsyn til transport til hytta, bruk av hytta og til å berekne årleg klimarekneskap.
1.7. Ressurseffektivitet	Ved å opprette eit felles digitalt «arbeidsrom» kan alle dokument verte nådd av alle som er involvert i prosessen. Kunden vil overta eit eige digitalt arkiv.
2. Utbyggingsfasen	
2.1. Kravspesifikasjonar i arbeidsdokument	Det vert utarbeida kravspesifikasjonar for miljømål til anbudsdokument og leverandørar med miljømål for t.d.: <ul style="list-style-type: none"> Miljøsertifisering Material og tenester Natur og økosystem Totalt utslepp av klimagassar

2.2. Aktivitetar og opplevingar i eit berekraftig perspektiv	Det vert lagt vekt på aktivitetar og opplevingar som er skånsame for naturen, miljøet og det biologiske mangfaldet.
2.3. Lokale leverandørar av inventar og utstyr	Lokale leverandørar må førebu seg på å levere inventar og utstyr som er miljøvenlege, allergivenlege og kunne syne til miljøsertifisering.
3. Driftsfasen	
3.1. Transport til/frå hytta	Det bør leggjast til rette for å kunne reise kollektivt til/frå hytta. Minibuss kan setjast opp mellom kollektivsentrum og hytteområda ved starten og slutten av helga.
3.2. Internttransport under opphaldet	Aktivitetar og tenester bør vere i gangavstand frå hytteområdet, eller kunne bestillast på nett (samkøyring med andre brukarar).
3.3. Hyttebruken og opphaldslengde	Det bør leggjast til rette for aktivitetar og tenester som gjer til at hyttene er attraktive for utvida bruk og over lengre periodar gjennom heile året.
3.4. Felles eigarskap/sambruk	Felles andelslag eller tilsvarande kan organisere felles ressursar som hytteeigarane kan leige. Dette kan gjelde alt frå el-bilar til verktøy. Ordninga kan vere obligatorisk eller frivillig.
3.5. Lokal handel og lokale tenester	Lokalt næringsliv og tenesteleverandørar må tilpasse seg behovet til hytteeigarane, m.a. gjennom vareutval, opningstider, teknologi, m.m. Slik at dei er føretrekte for å yte den servicen som hytteeigarane treng.
3.6. Aktivitetar, opplevingar, arrangement	Hyttefolket må ha lett tilgang til informasjon om aktivitetar, opplevingar, arrangement, m.m. Dette aukar attraktiviteten og aktiviteten for alle partar.
3.7. Deltaking i lokalsamfunnet	Det må leggjast til rette for at også hytteeigarane kan delta i lokalsamfunnet og bidra med sine ressursar.
3.8. Klimakalkulator, sertifisering og premiering	Berekning og visuell framstilling av klimapåverknaden kan vere ein motivasjon for eit klimapositivt hytteliv. Andre motivasjonsfaktorar er reduksjon av kostnader, samstundes som hyttelivet får auka verdi gjennom positive bidrag til miljø, klima og lokalsamfunn.

Mogeleghetsstudie

Strategisk plan for utvikling av tettstadane Heggnes og Tingvang

Oppdragsnr.: 5199526 Dokumentnr.: 001 Versjon: J04

No

3.9. Driftsansvar og oppfølging

Ein person eller verksemd bør vere ansvarleg for å følgje opp det klimapositive hyttelivet i driftsfasen. Irekna oppgradering av system, teknologi og oppretthalde engasjementet hjå hytteeigarane som miljøpådrivarar og gode ambassadørar.

9 Eksempelstudie frå relevante tettstadar i Noreg

Rapporten (vedlegg 1) er ein underlagstudie og referanse for stadutvikling av Heggenes og Tingvang i Øystre Slidre kommune. Den refererer fyrst til resultatane frå forskning omkring tema suksessfulle og livskraftige lokalsamfunn og peiker på kva som kjenneteiknar ein suksessrik distriktskommune og felles faktorar for desse. Deretter presenterast eksempelkommunane og deira fellesnemningar og suksesskriterier. Vi har identifisert kva som har vore dei viktige faktorane for at den aktuelle kommunen har lykkast med sitt utviklingsarbeid, i tråd med sin visjon. Til slutt er det omtala ulike modellar som kan nyttast som verktøy i lokalt stadutviklingsarbeid. Dette studiet gjev innsikt i korleis ein kan lykkast med det same i Øystre Slidre generelt, og Heggenes og Tingvang spesielt.

Kjenneteikn på suksessrike distriktskommunar er kort summert:

- **Ein offensiv og optimistisk utviklingskultur**
Stadleg suksess ser ut til å handle mykje om stadleg kultur. Utviklingskultur med lite jantelov der det er lov å prøve og feile.
- **Kort veg mellom idear og avgjerder**
Den korte avstanden vert nytta positivt til å skape noko saman.
- **Stor grad av samhandling og samarbeid**
Stor grad av kunnskapsdeling og tillitsbygging på tvers av fag- og sektorgrensar.
- **Betydinga av lokale entreprenørar og eldsjeler**
Betydinga til enkeltpersonar er viktig for utslagsgjevande tiltak, nyskapingssinitiativa eller nye vegval.
- **Grip mogelegheitene som byr seg**
På alle stader oppstår det frå tid til anna mogelegheiter, nokre grip anledninga, andre lar den segle. Suksessrike kommunar ser ut til å ha eit heldig grep med å «fange mogelegheitene», dreie kriser til mogelegheiter, og sjå på farar som potensiale.



Utvalde kommunar som rapporten syner til er Tinn og Fyresdal frå Vestfold og Telemark, Bykle frå Agder, Smøla, Sykkylven og Rauma frå Møre og Romsdal, Ringebu og Nordre Land frå Innlandet og Hemnes og Træna frå Nordland. Desse kommunane driver og dokumenterer systematisk stadutvikling, men med ulike fokusområde. Bykle og Træna er i tillegg representert i rapporten Suksessrike distriktskommunar. Sykkylven og Rauma har nytta 10-trinnsmodellen til Distriktsenteret i sitt utviklingsarbeid. Rauma har i tillegg vore deltakande kommune gjennom Tettstadprogrammet til Miljøverndepartementet. Generelt fell kommunane sine erfaringar i stor grad saman med erfaringane frå miljøvenlege og attraktive tettstadar.

10 Vedlegg

Vedlegg 1 – Suksessfull stadutvikling – Dømer frå Noreg

Vedlegg 2 – Overordna vurdering av lokalitetar for framtidig ny barnehage

Vedlegg 3 – Gjennomføring av medverknadsprosessen

Vedlegg 4 – Resultat frå medverknadsprosessen i Øystre Slidre, den 12. og 13. februar 2020.